



ÅMLI KOMMUNE
Sentraladministrasjonen

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003/01708	Doknr.: 76
Mottatt: 15 SEPT 2003	
ASR/LUR/IGR	Ark.: 40
	Avskrt.:

Det kongelige landbruksdepartement

**Postboks 8007 Dep
0030 OSLO**

Ar/Saksnr. - dok.nr.: 03/00666 - 4 Saksbehandlar, direkte telefon, e-post: Kari Hagelia Olstad, 37 18 52 52,
kari.hagelia.olstad@amli.kommune.no

Arkivkode:
024 V0

Dato:
15.09.03

**SÆRUTSKRIFT: HØYRING AV FRAMLEGG OM OVERFØRING AV MYNDE TIL
KOMMUNANE OG NY FORSKRIFT OM SAKSBEHANDLING I KOMMUNEN**

VEDTAK I KOMMUNALTVALET - 11.09.03:

Åmli kommune meiner det i hovudsak er positivt at ein lokalt får større myndigheit i saker etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova. For søkjar/publikum vil det bety ein meir oversiktleg saksgang og raskare saksbehandlingstid i dei sakene som nå må vidare til Fylkeslandbruksstyret for endeleg vedtak.

Saman med overføring av mynde for ein del økonomiske verkemiddel til kommunane vil det bli stilt større krav til kommunen når det gjeld kompetanse, ressursbruk og aktivitet.

Det må vere ein føresetnad for overføringa av mynde at kommunen får full kostnadsdekning. Spørsmål om vedtaket kan rettast til undertekna.

Med helsing


Kari Hagelia Olstad
jordbrukssjef



ÅMLI KOMMUNE - SAKSUTGREIING

Saksbehandlar:	Karl Hagelia Øistad	Arkivsaknr.:	03/00666
Sektor:	Sentraladministrasjonen	Arkivkode:	024 V0

Utv.:	Saknr.:	Utv.:	Møtedato:
KU	03/055	Kommunalutvalet	11.09.03

HØYRING AV FRAMLEGG OM OVERFØRING AV MYNDE TIL KOMMUNANE OG NY FORSKRIFT OM SAKSBEHANDLING I KOMMUNEN

VEDTAK I KOMMUNALUTVALET - 11.09.03:

Åmli kommune meiner det i hovudsak er positivt at ein lokalt får større myndigheit i saker etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova. For søkjar/publikum vil det bety ein meir oversiktleg saksgang og raskare saksbehandlingstid i dei sakene som nå må vidare til Fylkeslandbruksstyret for endeleg vedtak.

Saman med overføring av mynde for ein del økonomiske verkemiddel til kommunane vil det bli stilt større krav til kommunen når det gjeld kompetanse, ressursbruk og aktivitet.

Det må vere ein føresetnad for overføringa av mynde at kommunen får full kostnadsdekning.

BEHANDLING I KOMMUNALUTVALET - 11.09.03:

Framlegg frå Tellef Harstveit:

Siste avsnitt i rådmannen sitt framlegg vert endra til:

Det må vere ein føresetnad for overføringa av mynde at kommunen får full kostnadsdekning.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg med endringsframlegget frå Tellef Harstveit vart samrøystes vedteke.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Åmli kommune meiner det i hovudsak er positivt at ein lokalt får større myndigheit i saker etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova. For søkjar/publikum vil det bety ein meir oversiktleg saksgang og raskare saksbehandlingstid i dei sakene som nå må vidare til Fylkeslandbruksstyret for endeleg vedtak.

Saman med overføring av mynde for ein del økonomiske verkemiddel til kommunane vil det bli stilt større krav til kommunen når det gjeld kompetanse, ressursbruk og aktivitet.

Overføring av fleir oppgåver til kommunen må følgjast opp med dei ressursar som krevst for å utføre oppgåvene.

SAKSVEDLEGG:

- 1 Høring av forslag til nye bestemmelser om overføring av myndighet og ny forskrift om saksbehandling i kommunen - 12.06.2003
- 2 Overføring av myndighet til kommunen, fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Bergvesenet etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven

ANDRE SAKSDOKUMENT:

Overføring av vedtaksmyndighet for økonomiske virkemidler i landbrukspolitikken" brev datert 30.06.03 frå Fylkesmannen i Aust-Agder, Landbruksavdelingen.

KORT OM SAKA:

Landbruksdepartementet har sendt på høyring

1. Framlegg vedr. overføring av mynde til kommunen, fylkeslandbruksstyret, fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Bergvesenet etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova.
2. Ny forskrift om saksbehandling m.v. i kommunen i saker etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova.

**Åmli kommune sin uttale gjeld i hovudsak overføring av mynde til kommunen.
Høyringsfrist er 15.september.**

MERKNADER/VURDERING:

Kommuneplanen sine føringar for saka: : Ingen

Ved behandling av St.meld nr 31 (2000-2001)" Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling" slutta Stortinget seg til ei kommunesatsing på miljøvern- og landbruksområdet. I St.meld.nr 19 (2001-2002) "Nye oppgaver for lokaldemokratiet - regionalt og lokalt nivå" gir Regjeringa si tilråding om oppgavefordeling mellom forvaltningsnivåa.

I dag har kommunen mynde både til å gjere vedtak og til å gje tilråding i ulike saker etter jordlova, konsesjonslova, odelslova og skogbrukslova.

Regjeringa tilrår at alle konsesjons- og delingssaker skal avgjerast av kommunen som førsteinstans f.o.m. 1.01.2004. Dessutan blir det tilrådd at saker etter skogbrukslova, med unntak av saker som gjeld verneskoggrensa overførast til kommunen frå same tidspunkt. Fylkeslandbruksstyret skal vere klageorgan.

Landbruksdepartementet har i tillegg framlegg om å overføre mynde til kommunen i fleire saker etter konsesjons- jord- og konsesjonslov.

Kommentar til overføring av mynde til kommunen etter dei ulike lover.

1. Ei overføring av vedtaksmynde til kommunen i alle konsesjons- og delingssaker, med Fylkeslandbruksstyret som klageorgan vil vere meir ryddig . I forhold til publikum vil saksgangen vere meir oversiktleg, og behandlingstida blir kortare. Det vil bety meir myndigheit til kommunen.
2. Overføring av mynde i saker som gjeld omdisponering vil også gjere saksbehandlinga meir oversiktleg, sidan det ofte er samanheng mellom deling (i §12 i jordlova) og omdisponering (§9 i jordlova). Sakene er vidare knytta til behandling etter Plan- og bygningslov i kommunen. Det er naturleg at spørsmål knytta til arealbruk i samsvar med jord- og skoglov blir overlatt til lokalt forvaltningsorgan når endeleg vedtak i samsvar med Plan- og bygningslov blir fatta lokalt. Lokal avgjerd vidare i konsesjonssaker vil gje betre flyt og meir samanhengande saksgang. Det vil bli lettare å arbeide på tvers av ulike sektorar. Men det krev meir bevisst strategi når det gjeld arealbruk. Endringar i arealbruk må innarbeidast i kommuneplanens arealdel og oppdaterast regelmessig ved kvar rullering. For å få ein framtidsretta og forsvarleg arealbruk må det særleg i distriktskommunane ver mogleg å dispensere frå planar og ikkje følgje dei slavisk.

3. Vedtaksmynde i saker som gjeld pålegg i forhold til dyrka jord (§8 i jordlova) og fjerning av anlegg /byggverk (§ 9i jordlova) vil bety mykje meirarbeid for kommunen, sjølv om ein sit med lokalkunnskap. Dette er også spesielt vanskelege saker
4. Vedtaksmynde i saker som gjeld pålegg om å søke konsesjon (§20 i konsesjonslova og § 29 i odelslova), tilbaketrekking av konsesjon, sette frist for pantehavar til å bringe tvangsbruk som er strid med konsesjonslova til opphør og forlenging av frist for vidaresal etter konsesjonslova vil vere svært arbeidskrevande saker og kreve solid juridisk kompetanse.
5. Vedtaksmynde i saker som gjeld unntak frå hogstforbodet etter konsesjonslova §27 vil vere naturleg å legge til kommunen sidan ein i dag har mynde i forhold til hogstforbod etter odelslova §63.

Sjølv om kommunen i dag i dei fleste av desse sakene har den første registreringa og behandlinga , vil overføring vedtaksmynde i fleire saker føre til meir arbeid og større krav til kunnskap om sakene, både reint fagleg og ikkje minst juridisk.

Samtidig med overføring av mynde til kommunane i forhold til lovsaker får ein også overført vedtaksmynde for ein del økonomiske verkemiddel i landbrukspolitikken. I behandlinga av St.meld nr 19 vedtok Stortinget at ei rekke nye oppgåver innan landbruksforvaltning skal overførast kommunane f.o.m. 1.01.2004:

1. Tilskot til miljøtiltak i jordbruket
2. Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
3. Tilskot til skogbruksplanlegging og miljøregistreringar.

Fordeling av desse midla vil kreve at kommunane utarbeider fleirårige strategiplanar med årlege handlingsplanar.

Parallelt med overføring av meir mynde og dermed meir arbeid til kommunane kjem landbruksdepartementet med framlegg om å oppheve lovreglane om krav til jord- og skogbruksfagleg kompetanse.

I brevet til høyringsinstansane vurderer Landbruksdepartementet det slik at overføring av nye oppgåver ikkje vil innebere administrative og økonomiske konsekvensar ut over dei ressursane som blir nytta i dag.

I framlegg til forskrift om saksbehandling i kommunen er det ikkje lenger noko krav om å nytte dei datasystema Landbruksdepartementet stiller til rådvelde. Dette vil kunne lette saksbehandlingsrutinene noko.

Totalt vil overføringane av oppgåver og mynde til kommunen auke arbeidsmengda for fagpersonane innan jord- og skogbruk. Det har dei siste åra vore sterk effektivisering og nedbemanning nettopp innan miljø og landbruk i svært mange kommunar. Når Stortinget har vedtatt ei satsing på miljøvern- og landbruksområde kan ikke dette bare gjelde overføring av mynde og oppgåver til kommunen. Det må også følgje midlar og opplæringstilbod.

Eit forslag om å fjerne krav til jord- og skogbruksfagleg kompetanse midt i denne prosessen er svært uheldig.



ÅMLI KOMMUNE - SAKSUTGREIING

Saksbehandlar:	Bjarne Nordås	Arkivsaknr.:	03/00786
Sektor:	Sentraladministrasjonen	Arkivkode:	026

Utv.:	Saksnr.:	Utv.:	Møtedato:
KU	03/056	Kommunalutvalet	11.09.03

DELTAKING I UTGREIING OM INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM STØTTEFUNKSJONANE REKNESKAP, LØNN, INNFORDRING OG SKATT

VEDTAK I KOMMUNALUTVALET - 11.09.03:

Åmli kommune ønskjer å delta i 8K-samarbeidet om støttefunksjonar som går fram av prosjektskisse datert 18.08.03.

Kommunen sin del av utgreiingskostnaden vert å finansiere ved bruk av motteke ekstra statstilskot til ressurskrevjande brukar.

BEHANDLING I KOMMUNALUTVALET - 11.09.03:

Avrøysting:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Åmli kommune ønskjer å delta i 8K-samarbeidet om støttefunksjonar som går fram av prosjektskisse datert 18.08.03.

Kommunen sin del av utgreiingskostnaden vert å finansiere ved bruk av motteke ekstra statstilskot til ressurskrevjande brukar.

SAKSVEDLEGG:

- 1 Brev frå 8K av 27.08.03
- 2 Utkast av 18.08.03 om Interkommunalt samarbeid om støttefunksjoner

ANDRE SAKSDOKUMENT:

Ingen

KORT OM SAKA:

Styringsgruppa for 8K vedtok i sitt møte 21.05.03 å jobbe vidare med samarbeid på områda:

- Barnevern
- Land- og skogbruksforvaltning.
- Felles lønn-/skatt-/regnskapskontor

Barnevern har allereie vore til behandling i kommunane med tilråding om å overta det fylkeskommunale barnevernet frå 01.01.04 og på sikt jobbe for eit tettare samarbeid på det kommunaler området.

8K held nå på å sette ned eit administrativt utval med representantar frå Grimstad, Tvedestrand, Vegårshei og Åmli som skal sjå på landbruk- og skogforvaltning. Området er peika ut på bakgrunn av eit innspel frå Åmli kommune.

Åmli kommune har i brev av 27.08.03 frå 8K fått invitasjon til å delta i ei utgreiing om interkommunalt samarbeid om støttefunksjonane lønn, rekneskap, innfordring og skatt. Prosjektskisse av 18.08.03 ligg som vedlegg til saka.

Kommunestyret skal denne gonga ikkje ta stilling til om vi skal samarbeide om støttefunksjonane, men ta stilling til om vi skal vere med på utgreiingsarbeidet. Etter planen skal kommunane sumaren 2004 ta stilling til konklusjonane av utgreiingsarbeidet.

MERKNADER/VURDERING:

Kommuneplanen sine føringar for saka: : Ingen

Åmli kommune har i dag eit lite og effektivt økonomikontor som steller med budsjett, rekneskap, lønn innfordring og skatt. Det er tilsett 3 personar ved kontoret, 2 årsverk på budsjett, rekneskap, lønn og innfordring og ei halv stilling på skatt. Totalt har kontoret eit budsjett på kr 1.078.000,- i 2003 ekskl. utgifter til drift og vedlikehald av datasystema.

Dei tilsette ved kontoret har i dag eit arbeidspress som ikkje kan fortsette over tid og kontoret er svært sårbart ved sjukdom og i feriar.

Det er difor etter rådmannen sitt syn positivt for Åmli at 8 K har teke tak i desse støtteoppgåvene og rådmannen meiner at kommunen bør delta i utgreiingsarbeidet.

Rådmannen trur ikkje kommunen vil spare store pengar ved eit eventuelt interkommunalt samarbeid, men vi kan kanskje hindre ei auke i dagens utgifter og bli mindre sårbare ved ferie og sjukdom.

Utgreiingsarbeidet skal foregå administrativt og rådmannen vil oppnemne dei naudsynlege representantane frå Åmli.

Utgiftene til utgreiingsarbeidet kan finansierast av motteke ekstra statstilskot til ressurskrevjande brukar på kr 390.000,-

